



Anders Gjendem til minne

Anders Gjendem døydde 22. februar 1986, knapt 70 år gammal. Med han har ein særprega og kunnskapsrik personlegdom gått bort. Han var aktiv på mange område, og han var uthaldande som få. Best kjend var han nok som folkemusikar, men han sette også spor etter seg innanfor både lokalhistorie, idrettsliv og anna foreningsliv. Av yrke var han revisor, og han arbeidde heile sitt yrkesaktive liv hos fylkesskattesjefen.

Anders Gjendem vokste opp i Myrabakken i Molde. Alt som 17-åring kom han med i Wolffs orkester, frå 1933-34 spela han i Gjendem-trioen, og i det som i dag er Molde Orkesterforening var han med sidan 1935. I tillegg var han med på 11 operaframføringer i Kristiansund, ei i Molde og ei i Ålesund. Også ved Riksteatret var han med ved eit par høve, og han hadde fleire engasjement i utlandet. Mest kjend og akta er vel likevel hans arbeid for Romsdalsmuseets leikarring som han var spelemann for samanhengande i nesten 50 år.

I Romsdal Sogelag kom Gjendem med då lagsarbeidet starta opp att etter siste verdskrig. Han var revisor i åra 1961-1969, varamann til styret 1970-1974 og styremedlem 1975-1982. For Sogelaget var han

medredaktør av «Romsdalinger i Amerika» som kom i 1978, og i 1979 gav laget ut «Musikanter i Romsdal. Musikantbiografier for tidsrommet ca. 1650-1950», som han hadde brukt ein halv mannsalder på å samle opplysningar til.

Innafor idretten var Anders Gjendem aktiv både som utøvar og i organisasjonsarbeidet, og då han gjekk bort var han ivrig opptatt med å samle stoff til 100-årshistoria for Molde og Omegns Idrettsforening, eit arbeid som skulle vere ferdig til jubileet i 1992.

Anders Gjendems innsats på det kulturelle området var både velkjent og akseptert. I 1979 fekk han fylkets kulturpris og i 1981 Romsdals Fellesbanks kulturpris - to utmerkingar som berre eit fåtal oppnår. Vi som samarbeidde med han, merka fort at han var borte. Men minnet om han vil leve lenge.

Bjørn Austigard

Anders Gjendems forfattarskap:

Fiolinmaker Lars Hoem, Christiansund, Molde 1971, 48s. ill.

Musikanter i Romsdal. Musikkbiografier for tidsrommet ca. 1650-1950,
Molde 1979 218 s. ill.

Spillemannsbioografi for Molde og Romsdal 1625-1925, (foreløpig utgave), Molde (1976) 39 s.

Barneringen på Romsdalsmuseet 40 år, Romsdalsmuseets Årbok 1967,
Molde 1968 s. 11-24, ill.

Gamle spelmannsskikker i Romsdal, Romsdalsmuseets Årbok 1963,
Molde 1964, s. 21-26, ill.

Organister i Molde kirke, Romsdalsmuseets Årbok 1966, Molde 1967,
s. 13-27, ill.

Bøker han har redigert:

Romsdalinger i Amerika, red. Anders Gjendem, Kristian Opstad og
Torbjørn Thingvold, Molde 1978, 207 s. ill.

**Møre og Romsdal trevarefabrikkers forening 25 år. 8. juli 1946 - 8. juli
1971.** (Ålesund 1971) 12 s. (Red. Anders Gjendem).

Skihytta i Heia 70 år. (Molde 1981) Red. Anders Gjendem, upag. (20 s.)
ill.

B.A.